


Årsmelding EIL Fotball 2021



**FLEST - LENGST - BEST
MOGLEG**

Årsmelding 2021



Styrerapport

Styret har hatt 12 fysiske og teams møter og handsama 95 saker. I tillegg kjem arbeidsmøter med klubbhåndbok, pandemirelatert og aktivitetsmøter mot alle lag, trenermøte, avklaring/evalueringsmøte.

Styret 2021

- Leiar Ole Jacob Endestad
- Nestleiar Marius Kjellevold
- Styremedlem Silje Knapstad
- Styremedlem Erling Austreim
- Styremedlem Åshild Underlid
- Styremedlem Torbjørn Knapstad
- Styremedlem Odd Magne Øren

Valnemnd

Tor Anders Grønsberg- Leiar Bjørn

Erik Haveland- 2 år Håvard

Mjølkeråen- 3 år

Aktivitet

Har hatt stor aktivitet i året som er gått med lag i alle klasser utanom og J15-17 år og senior damer

Totalt 15 lag på 130 aktive barn og voksne mellom 5- 35 år.

For at vi skal kunne klare å ha lag i alle klasser må ein søke om dispensasjon, hospitere og samarbeid med andre lag i nærleiken.

Det blir jobba bra i aldersbestemt, spesielt med godt fokus, mange deltagande og høg aktivitet i alder 5- 12. Meir utfordringer i ungdom og opp mot senior.

Følgjande lag har vi hatt i 2021:

- Senior herrer 6 div. 11 ar
- 2. G 15-17 9 ar
- Jente 13/14 9 ar
- Gutt 13/14 7 ar
- Gutt 12 7 ar
- Jente 11 7 ar
- Gutt 9 5 ar
- 5x Gutt/ Jente 6-8 5 ar Kongleriket/ turnering

Samarbeidslag

Alternativene er der men har valt i år å ha våre egne lag. Er aktuelt framover og vil nok ta opp tråden med aktuelle klubbar i fremtiden.

Sportsleg

Senior, med ny trenar som kjem frå kystbyen men med røtter frå Eikefjord i Torbjørn Løkkebø. Han har vert mangeårig trenar i naboklubben Tempo og har erfaring på dette

nivået i vår region. Med det på plass og sjølvvalgt plass i 6 divisjon avdeling 2 med 9 lag. Etter pandemi og utfordrinar med å stille lag for Anga og Gaular vart avdeling redusert til 7 lag og enkel serie. I og med serien startet ikkje før i slutten av August. Laget startet bra men vart innhenta etter kvart av andre laga og fekk ein heiderleg 4 plass men foran Tempo. 2-3 spelarar frå 15-17 har hospitert og fått sin debut på seniorlaget

I aldersbestemt blir det jobba godt og laga har hatt ein god utvikling. Både jente og gutta 13/14 har hatt ei god utvikling, spesielt på jentesida og med god hjelp av guttane då de beste jentene har fått hospitere der. Så takk til guttane der.

Samt 2 jenter og 1 gut til enivest sone.

Gruppa 6-12 år blir det også jobba godt, med mange spelarar og kulla er bra. Viktige fokusområde fremover, der ikkje berre enkeltspelarar kjem fram men og kollektivt som lag.

Anlegg

Fantastisk med fleir brukshall der laga har søkt om plass i hallen og det er litt kamp om tidene. Men 1 trening får alle lag innandørs.

På Eikefjord idrettspark er det noko pågang med banemeister Even i spissen for utskifting av kunstgrasdekke.. Kommunen har lagt inni budsjettet for 2022 og har lyst ut anbod på utskifting. Hatt besøk av krets sin miljømentorar for oppsamling av granulat og mottatt rapport. Og den seier noko om oppsamling av granulat og krav i miljøperspektiv. Startet i oktober å grave og støype ringmur rundt bana slik at det er klart til evt. Dekkelegging. Er blitt gjort ein god dugnadsinnsats så langt.

Viktig å søkje midlar framover og dialog med kommune for å holde trykket oppe.

Arrangement

Vi gjennomfører kampvert og justeringar med fair play iht restriksjonar av corona pandemi. Frukt og grønt og kiosk har vi hatt i periodar der det har vore moglegheit til det. Så det er kjekt å komme til idrettsparken i Kvalvika når vaflane og kaffilukta er tilstede.

På seniornivå har vi noko å gå på, der ein kunne hatt meir engasjement rundt kamper og aktiviteten. Litt lite oppmøte på kampane så vi må kanskje komme i dialog med bygda kva som lokker ein til kamp.

Ser det at årshjulet kan vere eit verktøy for å formidle og synleggjere aktiviteten og profilering på heimesida Der må vi bli flinkare.

Eikefjord Cup

Årets sikraste vårteikn har vert slagordet og avlyst for andre året på rad. Søkt om og utsatt men ikkje klart å gjennomføre pga lite vindu for opning av kampar for våre seniorar.

Kongleriketurnering

Vart tildelt første arrangeent men det vart avlyst grunna covid-19.

Fekk tildelt ekstra oppsett kongleriket 3 Oktober og det vart ein stor risiko. Bra rigget til med 3 stk 3 ar baner samt 3 stk. 5 ar baner. Var klar for eit flott arrangement med 88 lag påmeldte lag og 174 kamar.

Våknet til stiv kuling med storm i kasta Søndag og det resulterte i at vi måtte avlyse ein del kamper av sikkerhetsmessige hensyn de første 3 timane .Men alt i alt ei godt gjennomført turnering.. Vanvittig bra aktivitet og nokre blide fjes å sjå.

Parkeringen med seniorkarane som vakter er eit must for å få flyt i trafikken. Men det er mange å takke på ein slik fantastisk dag for fotballen.

Med Sparebanken som generalsponsor for turneringa og trygg trafikk som tema var det eit vellykket arrangement.



Tine Fotballskule

Arrangert for 8 gang og er eit kjekt arrangement med 39 utøvarar og 9 instruktørar i eit knallvær.

4 av 9 instruktørar var jenter og så og sei var 50% jenter påmeldt som utøvarar.

Instruktørsamling veka i forkant som er viktig i forhold til Tine konseptet vart gjennomført. Der sportsleg og trenerveileder i klubb stod for opplegget og øvelsane som vart godt mptteken av utøvarar og instruktører.

Fair Play

Her har vi kanskje ikkje vore så aktiv som åra før, men ser mykje bra på trening og kamp. Har forbedringspotensial og få eit engasjement og kommunisere det ut til foreldre og grupper.

Nye tiltak anbefales og få meldt inn saker som er positive inn til krets. Positive ting som skjer i klubben vår og er som regel enkle saker. Er månedlege kåringar i sesong som meldes inn til krets og der har vi nok ikkje vert flinke.

Er ein kontinuerleg sak som går på god sportsånd og det kan ein aldri legge vekk eller tru at ein er ferdig med. Klubbane er blitt generelt flinkare og det er positivt. Fleire har meldt seg på.

Spelarutvikling

Nominert 2 jenter i Frida Fraas Øren og Helene Alden Håøy der de to kom vidare til sone.

Og 3 gutter i Håvard Austreim, Magnus U Endestad og Håkon Myrvollen. til Enivest fotballskule i haust, så det går fint an å bli god i Eikefjord.

Vi gratulerer alle og ynskjer de masse lykke til vidare.

Fag og inspirasjonssamling

NFF Sogn og Fjordane inviterte i år til kvalitettsklubb samling i Kalvåg der sportsleg ansvarleg Erling Austreim og leiar Ole Jacob Endestad deltok

Ei samling der 11 klubbar frå Sogn og Fjordane var med på ei kjekk helg der sport og leiing stod i fokus med bra foredragshaldarar og gode diskusjonar.

Utdanning

Har vert eit u år på utdanning i alle ledd.

Trenar sida har det ikkje vert gjennomført nokon då samtlege aktuelle har blitt avlyst.

På dommersida har vi pr no ingen som har tatt graden men vi har nokre som har gjennomført klubbdommerkurs og det er ein bra start.

Utdanning/ utvikling må ein vere på hugget for å ha engasjement og utvikle fotballen i bygda.

Målet er å vere at halvparten av styremedlemmane har FLK 1 kurs og der er vi då 4 av 7 har gjennomført det.

Trenarane i barnefotballen minimum 1 delkurs i C-trenarstigen og i ungdomsfotballen fullverdig C trenar. I 2022 vil det fra krets bli arrangert e læringskurs på trenersida som vil vere med på å heve antall kurs og deltakarar generelt.

Dommarar

Har 1 krins dommarar som representerer klubben i Vegard Yndestad.i divisjonssystemet. Klubbdommarar som vi må rose i år er Mads Mikkel Due, Tale Seljeseth, Linea Bortne Haveland, Tommy Dalberg, Torbjørn Endestad og Ole Jacob Endestad som gjer ein kjempejobb for de aldersfastlagde klassane.

Rekrutteringsdommarar er noko vi må satse meir på, men har gjennomført klubbdommarkurs i forkant av kongleriketurneringa med hell. Klarer ein å hjelpe desse vidare kan vi ha kommande rekrutteringsdommarar og kretsdommerar.

På tinget vart Vegard Yndestad innstilt til blå diplom fra krets, gratulerer med utmerkelsen. Er mange timar på feltet og mange kilometer i bilen til det beste for klubben.

Ellers ynskjer vi samtidig å takke Vegard Yndestad for jobben som dommerkoordinator, ein viktig jobb med tanke på arrangement, kongleriket og generell kamp avvikling. Ingen dommar, ingen kamp.



Klubbhuset

Er i ein driftsavtale med hovedstyret og vi har i år ikkje brukt dei store summane på oppgradering. Men heller brukt det til både kurs, møter, samlingsplass før og etter kampar og bursdager. Anbefaler at ein jobbar med å få gode rutiner på rydding og vasking.

Sponsor

Er vi avhengige av for å drifte klubben. Tusen takk til våre sponsorar og støttespelarar.

Idrettslaget sit med avtalane med vår sponsorer

I 2021 har vi hatt følgjande sponsorer:

Sparebanken Sogn og Fjordane

Fjordpipe

Brødrene Aa Ramsdal

maskin Steinvik

Fiskefarm

Økonomi

Styrer mot eit overskudd og eit foreløpig reknskap som tåler dagens lys.

NFF Sogn og Fjordane kretsting

Kretstinget gjekk av stabelen 27-28 november og er eit av fleire tiltak kretsen initierer for å skape gode møteplassar for klubbleiarar, dommarar, trenarar, tillitsvalde og engasjerte fotballfolk. Erfaring viser at gode relasjonar og idèskaping blir skapt i dei sosiale pusteromma.

Kåringer og tildelinger av priser og i år kan vi gratulere Vegard Yndestad og Odd Magne Øren som fekk kretsens blå diplom. Det er klubben som innstiller kandidatane. Vi takkar de for godt utført arbeid over mange år og set pris på deira innsats.

Årsmeldinga vart gjennomgått med saker med motivering og framlegg. Av saker som er viktig for Eikefjord fotball kan ein nevne at det vart omlegging av klassar i U13, U15 og U17. Det for å forhindre frafall i ungdomsklassen.

Kommunikasjon

Er ein krevjande idrett.

Benytta facebook som informasjon til og mellom laga og det fungerer greit. Der når ein dei fleste. Men heimesida har vi eit alvorleg forbedringspotensiale. Skal ein profilere seg må ein informere og marknadsføre det ein driv med og der er vi ikkje flinke nok. Så ein ansvarleg redaktør må nok på plass.

Idrettslaget har i år godt over på teams og sharepoint men der er for mange begresningar forhold til bruken vår. Ser at det skal jobbast litt med slik at vi kan få rettighetar slik at ein ikkje gjer seg avhengig av idrettslaget.

Internt brukar vi google disk, men vi må bli flinkare å dele riktig informasjon og til rette vedkommande personer og grupper. Jobber med gode rutiner på det. Verktøyet og mulighetane er der.

Kvalitetsklubb

Sertifisert i 2015 og resertifisert i 2021. Levert inn naudsynt dokumentasjon til å bli sertifisert. Det er ein krevjande idrett å etterleve. Har i år måtte hatt ein fullstendig ny revisjon av klubbhandboka. Rollebeskrivingar er laga og krav i hensyn til at barna og utøverane skal få ein betre kvardag er der. Kan med fordel endra litt på ansvarsoppgåver og grupper. Det krevst utdanning på trenar, leiar og dommarar. Konseptet er der og utviklinga ligg i våre hender. Viktig verktøy for å få klubben som sjef.

Årsfest senior 6 div lag

Utsatt på ubestemt tidspunkt

Årsfest aldersfastlagd

Utsatt til 28 Januar. Er vanskeleg å få til då det er mykje som skjer. Og vi lyt sette datoен i årshjulet til aktiviteten for fotballen.

Framtid

Bygge opp kompetanse i alle ledd slik at vi drar lasset i lag. Samt at vi i lag med idrettslaget tenkjer på aktiviteten i seg sjølv og organisering av drifta.

Fotballen har mange roller å fylle og har ingen å miste i forhold til det vi faktisk skal etterleve. Å ha alle i aktivitet og med høgst mogleg meistring, utfordring og ikkje minst utvikling av lag men og einskildspelerar.

Oppdrag blir å kartlegge antall på kulla og antall spelarar. Då vi har varierande kull og konkurranse av idrettar. Tallenes tilstand er klar vi har mindre aktive i fotballen og må jobbe knallhardt for å oppretthalde aktiviteten og laga.

Seniorlag på både herre og damesida må ein ha i klubben slik at spelarane har noko å sjå opp og fram til. Utfordringen er å finne formelen korleis ein skal drive og satse.

Totalen blir å jobbe litt med visjonar, verdiar og mål i klubben.

Til Slutt

Eikefjord Fotball takkar styret, trenrarar, dommarar og frivillege for eit utfordrande men gjevande på sitt vis og innhaldsrikt år.

Styret EIL Fotball